



Er rømningsvegane frå Dønhaugkjedlaren gode nok? (Foto: Ola Matti Mathisen)

Magne Huglen har ein korrespondanse gåande med kommunen om rømningsveg på Dønhaug.

Det har vore brannsyn og Huglen meiner at utadslåande dør frå Dønhaugkjedlaren er hovurømningsveg og tilstrekkeleg røming. Kommunen vil sjå nærmare på kommentarane hans etter ferien.

Sakshandsamar Jon Harald Kjærland peikar førebels på at det er særdeles viktig at ein ved bruk/publikumsamlingar syter for at alle rømningsveggar og rømingdør har fri ferdsel. Det må ikkje vera rømingshinder som til dømes muskarar, musikkanlegg, instrument og liknande, held Kjærland fram.

Kommunen har for tida stor saksmengd og pågang av nye saker. Difor må Huglen rekna med ei ventetid på inntil 8 veker før saka kan bli vurdert og handsama.

Av Ola Matti Mathisen